



# Masfjorden Kommune

RÅDMANNSKONTORET  
Fellestenesta

330.00

Barne-og familieldepartementet  
att. annecathrine.diez@bfd.dep.no

Masfjordnes, 07.01.05

2004/09169

- 555

Arkivsaknr.  
03/00014-012

Arkivkode  
211.1

Avd/Sek/Saksh  
RÅD/FEL/LMI

Dykkar ref.

## HØYRINGSUTTALE TIL NY BARNEHAGELOV

Masfjorden kommune vil gje følgjande uttale til utkastet til ny barnehagelov:

### 1. Formål og innhold

Lovutkastet understrekar tydelegare enn før at barnehagen skal vera eit pedagogisk tilbod som har ansvar både for omsorg og læring. Masfjorden kommune sluttar seg til dei endringane som kjem fram i §2.

### 2. Barn og foreldre sin medverknad

Masfjorden kommune er samd i endringar og tilføyinger i §3 og §4.

### 3. Godkjenningsplikt

Masfjorden kommune sluttar seg til dei føreslegne endringane i opphaldstid som krev søknad om godkjenning. Talet på barn som nyttar tilbodet samstundes bør etter vår mening setjast til 5, uavhengig av alder.

### 4. Barnehageeigar sitt ansvar

Ingen merknader, positiv og klargjerande presisering.

### 5. Kommunen sitt ansvar

Ingen merknader, oppgåver og ansvar kjem tydeleg fram.

### 6. Fylkesmannen sitt ansvar

Masfjorden kommune sluttar seg til dei føreslegne endringane i §9.

### 7. Godkjenning av barnehagar/Prioritet ved opptak

Ingen merknader.

### 8. Tilsyn

Vi sluttar oss til §§ 16 og 9 i lovutkastet.

### 9. Personalelet-leiar

POSTADRESSE:  
Kommunehuset  
5981 Masfjordnes

OPPGJE VED HENV.  
03/00014

TELEFON  
56 16 62 00

TELEFAX  
56 16 62 01

Masfjorden kommune har erfaring med små barnehagar der leiar er ein av få med barnehagefagleg kompetanse og meiner det er svært viktig at kompetansekravet til leiar i gjeldande lov vert vidareført, og går inn for alternativ B, § 18.

## **10. Personalelet elles**

Masfjorden kommune meiner at framlegget sitt alternativ A, § 19, er det som best sikrar høg fagleg kvalitet for personalet i barnehagen.

Med helsing

Lovisa Midtbø  
rådmann